



Arkiv: FE-113
JournalpostID: 20/19676
Saksbehandlar: Cecilie Marie Åshamar
Dato: 19.08.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
20/031	Stad eldreråd	31.08.2020
20/047	Stad ungdomsråd	31.08.2020
20/033	Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne	31.08.2020
20/113	Utval for areal og eigedom	01.09.2020
20/043	Utval for helse og omsorg	02.09.2020
20/073	Utval for kultur, idrett, samfunn og næring	01.09.2020
20/047	Utval for oppvekst og opplæring	02.09.2020
20/110	Stad formannskap	03.09.2020

Planprogram for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet - vedtak

Bakgrunn for saka:

Stad formannskap vedtok i møtet 11. juni 2020, F-sak 20/066, oppstart av arbeidet med Stad kommune sin kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Forslag til planprogram vart samtidig vedteke lagt ut til offentleg ettersyn. Dette låg ute i perioden 12. juni 2020 til 15. august 2020.

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet dannar rammene for den lokale politikken, både for organiserte og eigenorganiserte aktivitetar innanfor idrett og friluftsliv. Kommunedelplanen som no skal utarbeidast blir det første politisk styringsverktøyet for idretts- og friluftslivspolitikken i Stad kommune. Planen vil danne grunnlaget for prioriteringar både for arealbruk, søknads- og spelemiddelordningar og anleggsutvikling i ny kommune.

Denne saka handlar om å vedta planprogrammet for planarbeidet. Eit planprogram beskriver vegen fram mot endeleg kommunedelplan, og er i korte trekk ei formell prosjektbeskriving etter plan- og bygningslova.

Saka vert lagt fram for råd og utval til orientering. Det er formannskapet som har avgjerdsmynde i denne saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-13 vert planprogrammet for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vedteke som det ligg føre, men med følgjande endringar:

- Kapittel 3.4. vert oppdatert med følgjande omtale av Sammen om aktive liv -

Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020–2029:

Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029 følger opp norske forpliktingar overfor Verdens helseorganisasjon (WHO) og FNs bærekraftsmål. Handlingsplanen gir også oversikt over statlige tiltak og virkemidlar som kan bidra til at dagens samfunn samla sett blir tilstrekkelig aktivitetsvennlig. Planen skal vidare understøtte kommunesektoren sitt ansvar og oppgåver som samfunnsutviklar, planmynde, verksemdeigar, tenesteytar og arbeidsgjevar i arbeid for eit mer aktivitetsvennlig samfunn. Handlingsplanen skal leggest til grunn i det vidare planarbeidet.

Vedlegg i saka:

02.06.2020	Planprogram for kommunedelplan idrett m.m. - Høyringsutkast juni 2020	1358905
19.08.2020	Høyring av forslag til planprogram for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet - Stad kommune.	1369857
17.08.2020	Til uttale planprogram - Stad - kommunedelplan for idrett friluftsliv og fysisk aktivitet	1369263
15.08.2020	Høyringsuttale	1369141
14.08.2020	3 - rundløype med lys.jpg	1369142
14.08.2020	2 - naturmøteplass ved fjorden.jpg	1369143
14.08.2020	1 - nærmiljøanlegg med treningsapparat.jpg	1369144
29.07.2020	NVE sitt generelle innspel til varsel om oppstart og offentlig ettersyn av forslag til planprogram for Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Stad kommune	1367487
03.07.2020	Uttale til offentlig ettersyn - forslag til planprogram for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Stad kommune	1364802

Stad eldreråd 31.08.2020:

Handsaming:

SER- 20/031 Vedtak:

Stad eldreråd støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-13 vert planprogrammet for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vedteke som det ligg føre, men med følgjande endringar:

- Kapittel 3.4. vert oppdatert med følgjande omtale av Sammen om aktive liv - Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020–2029:

Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029 følger opp norske forpliktingar overfor Verdens helseorganisasjon (WHO) og FNs bærekraftsmål. Handlingsplanen gir også oversikt over statlige tiltak og virkemidlar som kan bidra til at dagens samfunn samla sett blir tilstrekkelig aktivitetsvennlig. Planen skal vidare understøtte kommunesektoren sitt ansvar og oppgåver som samfunnsutviklar, planmynde, verksemdeigar, tenesteytar og arbeidsgjevar i arbeid for eit mer aktivitetsvennlig samfunn. Handlingsplanen skal leggest til grunn i det vidare planarbeidet.

Stad ungdomsråd 31.08.2020:

Handsaming:

SUR- 20/047 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-13 vert planprogrammet for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vedteke som det ligg føre, men med følgjande endringar:

- Kapittel 3.4. vert oppdatert med følgjande omtale av Sammen om aktive liv - Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020–2029:

Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029 følgjer opp norske forpliktingar overfor Verdens helseorganisasjon (WHO) og FNs bærekraftsmål. Handlingsplanen gir også oversikt over statlige tiltak og virkemidlar som kan bidra til at dagens samfunn samla sett blir tilstrekkelig aktivitetsvennlig. Planen skal vidare understøtte kommunesektoren sitt ansvar og oppgåver som samfunnsutviklar, planmynde, verksemdeigar, tenesteytar og arbeidsgjevar i arbeid for eit mer aktivitetsvennlig samfunn. Handlingsplanen skal leggast til grunn i det vidare planarbeidet.

Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne 31.08.2020:

Handsaming:

SRN- 20/033 Vedtak:

Rådet FMNF tek Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak til vitande slik det ligg føre:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-13 vert planprogrammet for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vedteke som det ligg føre, men med følgjande endringar:

- Kapittel 3.4. vert oppdatert med følgjande omtale av Sammen om aktive liv - Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020–2029:

Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029 følgjer opp norske forpliktingar overfor Verdens helseorganisasjon (WHO) og FNs bærekraftsmål. Handlingsplanen gir også oversikt over statlige tiltak og virkemidlar som kan bidra til at dagens samfunn samla sett blir tilstrekkelig aktivitetsvennlig. Planen skal vidare understøtte kommunesektoren sitt ansvar og oppgåver som samfunnsutviklar, planmynde, verksemdeigar, tenesteytar og arbeidsgjevar i arbeid for eit mer aktivitetsvennlig samfunn. Handlingsplanen skal leggast til grunn i det vidare planarbeidet.

Utval for areal og eigedom 01.09.2020:

Handsaming:

Framlegg frå Gunn Sande, Sp:

Kommunedirektøren si tilråding vert teke til vidande med følgjande tillegg:

Råd for menneske med nedsett funksjonsemne må ha ei sterk involvering i utforming av

planen.

Det vart først røysta over kommunedirektøren sitt framlegg. Dette fekk ingen røyster, og fall.

Det vart deretter røysta over fellesframlegget. Dette vart vedteke samrøystes

UAE- 20/113 Vedtak:

Kommunedirektøren si tilråding vert teke til vidande med følgjande tillegg:

Råd for menneske med nedsett funksjonsemne må ha ei sterk involvering i utforming av planen.

Utval for kultur, idrett, samfunn og næring 01.09.2020:

Handsaming:

UKISN- 20/073 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-13 vert planprogrammet for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vedteke som det ligg føre, men med følgjande endringar:

- Kapittel 3.4. vert oppdatert med følgjande omtale av Sammen om aktive liv - Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020–2029:

Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029 følgjer opp norske forpliktingar overfor Verdens helseorganisasjon (WHO) og FNs bærekraftmål. Handlingsplanen gir også oversikt over statlige tiltak og virkemidlar som kan bidra til at dagens samfunn samla sett blir tilstrekkelig aktivtetsvennlig. Planen skal vidare understøtte kommunesektoren sitt ansvar og oppgåver som samfunnsutviklar, planmynde, verksemdelgar, tenesteytar og arbeidsgjevar i arbeid for eit mer aktivtetsvennlig samfunn. Handlingsplanen skal leggest til grunn i det vidare planarbeidet.

Utval for helse og omsorg 02.09.2020:

Handsaming:

UHO- 20/043 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-13 vert planprogrammet for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vedteke som det ligg føre, men med følgjande endringar:

- Kapittel 3.4. vert oppdatert med følgjande omtale av Sammen om aktive liv - Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020–2029:

Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029 følgjer opp norske forpliktingar overfor Verdens helseorganisasjon (WHO) og FNs bærekraftmål. Handlingsplanen gir også oversikt over

statlige tiltak og virkemidlar som kan bidra til at dagens samfunn samla sett blir tilstrekkelig aktivtetsvennlig. Planen skal vidare understøtte kommunesektoren sitt ansvar og oppgåver som samfunnsutviklar, planmynde, verksemdeigar, tenesteytar og arbeidsgjevar i arbeid for eit mer aktivtetsvennlig samfunn. Handlingsplanen skal leggest til grunn i det vidare planarbeidet.

Utval for oppvekst og opplæring 02.09.2020:

Handsaming:

UOO- 20/047 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-13 vert planprogrammet for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vedteke som det ligg føre, men med følgjande endringar:

- Kapittel 3.4. vert oppdatert med følgjande omtale av Sammen om aktive liv - Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020–2029:

Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029 følgjer opp norske forpliktingar overfor Verdens helseorganisasjon (WHO) og FNs bærekraftsmål. Handlingsplanen gir også oversikt over statlige tiltak og virkemidlar som kan bidra til at dagens samfunn samla sett blir tilstrekkelig aktivtetsvennlig. Planen skal vidare understøtte kommunesektoren sitt ansvar og oppgåver som samfunnsutviklar, planmynde, verksemdeigar, tenesteytar og arbeidsgjevar i arbeid for eit mer aktivtetsvennlig samfunn. Handlingsplanen skal leggest til grunn i det vidare planarbeidet.

Stad formannskap 03.09.2020:

Handsaming:

Fellesframlegg frå formannskapet:

Nytt kulepunkt kap. 4.2 fase 3:

- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldrerådet skal også involverast i arbeidet med planen.

Endring i kulepunkt 3 kap. 4.2 fase 3:

- Orda "innanfor idrett og friluftsliv" går ut.

Det vart røysta over fellesframlegga som vart samrøystes vedteke.

F- 20/110 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-13 vert planprogrammet for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vedteke som det ligg føre, men med følgjande endringar:

- Kapittel 3.4. vert oppdatert med følgjande omtale av Sammen om aktive liv - Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020–2029:

"Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029 følgjer opp norske forpliktingar overfor Verdens helseorganisasjon (WHO) og FNs bærekraftsmål. Handlingsplanen gir også oversikt over statlige tiltak og virkemidlar som kan bidra til at dagens samfunn samla sett blir tilstrekkelig aktivtetsvennlig. Planen skal vidare understøtte kommunesektoren sitt ansvar og oppgåver som samfunnsutviklar, planmynde, verksemdeigar, tenesteytar og arbeidsgjevar i arbeid for eit mer aktivtetsvennlig samfunn. Handlingsplanen skal leggest til grunn i det

vidare planarbeidet."

Nytt kulepunkt kap. 4.2 fase 3:

- *Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldrerådet skal også involverast i arbeidet med planen.*

Endring i kulepunkt 3 kap. 4.2 fase 3:

- Orda "*innanfor idrett og friluftsliv*" går ut.

Saksopplysningar:

Vedtaksmynde:

Stad kommunestyre har delegert mynde til Stad formannskap for å gjere vedtak i medhald av plan- og bygningslova kapittel 11, jf. punkt 3.2 i Stad kommune sitt delegeringsreglement som vart vedteke av kommunestyret 24.10.2019, KS-sak 19/014.

Stad formannskap har difor vedtaksmynde til å vedta planprogrammet, jf. plan- og bygningslova § 11-13.

Planprogram som del av planarbeidet:

I planprogrammet vert rammene for planarbeidet fastsett. Eit planprogram er eit eige arbeidsdokument, som ikkje må forvekslast med sjølve kommunedelplanen. I planprogrammet er det gjort nærare greie for bakgrunn, formål, korleis ein tenkjer å legge til rette for medverknad i planprosessen, korleis planarbeidet skal organiserast og kva framdriftsplan ein legg opp til.

Offentleg ettersyn:

I plan- og bygningslova § 11- 13 står det følgjande: § 11-13. Utarbeiding av planprogram «*For kommuneplan skal det utarbeides planprogram etter reglene i § 4-1. Forslag til planprogram skal sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsel om oppstart og kunngjøring av planarbeidet, og gjøres elektronisk tilgjengelig på nett. Fristen for å gi uttalelse skal være minst seks uker.*» Sidan planprogrammet vart lagt ut til offentlig ettersyn i sommar, vart det teke omsyn til ferietid, og fristen for å gi uttale vart sett til ni veker. Forslag til planprogrammet låg ute til offentlig ettersyn i perioden 12. juni 2020 til 15. august 2020. Planprogrammet er lagt ved.

Det har kome inn fem uttaler i samband med varsel om oppstart og offentlege ettersyn av planprogrammet. Desse er i sin heilskap lagt ved saka.

Uttalene er varierte i innhald og omfang. Under er dei enkelte innspela vurdert nærare i forhold til relevans for sjølve planprogrammet. Innspel til sjølve planarbeidet vert tatt med vidare og vurdert nærare som del av planarbeidet.

Oppsummering og vurdering av uttaler

Statens vegvesen, 3. juli 2020:

«*Som det kjem fram i varsel om oppstart vil plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet danne grunnlaget for prioriteringar for mellom anna arealbruk. Statens vegvesen har, i tillegg til*

vårt sektoransvar for mellom anna trafikktryggleik og framkomst, også eit ansvar for bruk av areal langs riksvegane. I Stad kommune gjeld dette dei nasjonale vegane rv. 15 og E39. I høve planlegging, eller modifisering av eksisterande, anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet tilrår vi kommunen om å planlegge desse slik at dei kan knytast til allereie etablert vegnett. I planlegginga må det takast omsyn til at kvaliteten på kryss/avkøyrer er i samsvar med krav i våre handbøker samt at det er god og trygg framkomst for syklande, gåande og trafikkantar med særskilde behov.»

Kommentar:

Tatt til orientering som innspel til vidare planarbeid. Temaet er også relevant på eit overordna niva i kommunedelplan for veg og trafikktrygging og reguleringsplannivå.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), 28. juli 2020:

NVE har sendt inn ei generell uttale som relaterer seg til arealplanlegging.

Kommentar:

Innspelet blir tatt til orientering, og vil vere relevant i samband med planlegging av nye anlegg for idrett- og friluftsliv. Klimatilpassing er såleis eit relevant tema for anleggsutviklinga.

Fellesuttale frå: Kjølisdalen Idrettslag, Miljøagentane Kjølisdalen, Trekløveret 4H, Kjølisdalen Montessoriskule og –barnehage, 14. august 2020:

Tre konkrete lågterskel-tilbod; rundløype med lys, naturmøteplass ved fjorden og nærmiljøanlegg med treningsapparat.

Kommentar:

Innspelet er direkte kopla mot stadutvikling, og er konkret på tiltak ein ynskjer å få gjennomført. Innspelet blir tatt med vidare i planarbeidet og i arbeidet med stadutvikling.

Fylkesmannen i Vestland, 13. august 2020:

Innspel: «For at den kommunale planen skal vere eit nyttig arbeidsverktøy i saker som vedkjem idrett og fysisk aktivitet, bør planen ikkje strengt avgrensast til fysiske anlegg og tiltak, men òg ta opp korleis ein skal stimulere til deltaking i idrett og friluftsliv, samarbeid med skule/barnehage og korleis kommunen saman med lag/organisasjonar kan samarbeide om drift og vedlikehald mm.»

Tilbakemelding: Stad kommune er samd i dette, og det går fram av planprogrammet at stimulering til deltaking, integrering og fokus på sosial berekraft er tema i planarbeidet. «Bestillinga» følgjer både av FN sine berekraftsmål og utfordringa med å legge til rette for sosialt berekraftige samfunn, samt konkrete vedtak frå Stad kommunestyre som er vist i planprogrammet. Det skal setjast i verk eit innsiktsarbeid i løpet av september månad som er direkte kopla mot temaet som fylkesmannen viser til.

Innspel: Når det gjeld barn og unge si rolle i planarbeid meiner Fylkesmannen at det er viktig at det vert lagt til rette for aktiv deltaking tidleg i planarbeidet og viser til rettleiarar om barn

og unge i planlegging: «Barn og unge og planlegging etter plan- og bygningsloven» og «Barn og unge i plan og byggesak».

Tilbakemelding: Stad kommune ynskjer eit ungdomsråd som blir myndiggjort og får ta ei aktiv rolle i utviklinga av fritidstilboda i kommunen. Ungdomsrådet får ein eigen formell status i planarbeidet, samtidig som ungdomsrådet gjennom tildelte midlar for hausten 2020 får høve til å teste ut ulike aktivitetstilbod for born og unge i Stad. Det vidare arbeidet med innsikt og involvering vil synleggjere korleis ungdomsrådet skal arbeidet. Vi vil også kople på skulane og barnehagane i arbeidet med friluftskartlegginga.

Innspel:

«Folkehelse

Vi ser det som positivt at kommunen utarbeider denne kommunale planen, og knyter den tydeleg til folkehelse. Det er positivt at de også skal nytte Stad si oversikt over folkehelsa og påverknadsfaktorar, for å sikre eit gjennomgåande og systematisk folkehelsearbeid.

Idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er faktorar som påverkar folkehelsa i kommunen. Korleis aktiviteten er tilrettelagt og organisert påverkar om tiltaka er sosial utjamnande og inkluderande eller om dei opprettheld eksisterande strukturar og verkar ekskluderande. Både den organiserte og uorganiserte aktiviteten bør fremja sosial utjamning i helseskilnadar og leggja til rette for at alle innbyggjarar har eit aktivt og deltakande liv. Planen bør fremja konkrete strategiar for å inkludere nye grupper i eksisterande aktivitet og for å opprette nye aktivitetar for grupper som ikkje deltek i dag. Vi reknar med at «Status og utviklingstrekk for Stad kommune 2019» er kommunen si folkehelseoversikt, og i den blir det mellom anna peika på at det er ei auke i barn som lever i hushaldingar med relativt låg inntekt. Korleis kan kommunen og idrettslaga saman leggje til rette for at born frå familiar med låg inntekt skal kunne delta i organisert idrett? Pengar til utstyr, transport, medlemskontingent og treningsavgift utgjør ein betydeleg utgift for låginntektsfamiliar, særleg dei som har fleire born. I tillegg til å senka økonomiske barrierar for deltaking, er det viktig at kommunen har tilbod om fysisk aktivitet som ikkje krev spesielle ferdigheiter, men som likevel skjer i lag med andre. Planen viser også her til politiske vedtak som blir førande for kommunedelplanen – som at det er sett av pengar til å redusere eigenbetaling for idrett og kultur for born i familiar med dårleg økonomi, og at det skal lagast ein handlingsplan mot barnefattigdom i Stad.

Planen bør fremje konkrete strategiar for å inkludere nye grupper i eksisterande aktivitet og for å opprette nye aktivitetar for grupper som ikkje deltek i dag. Enkle tiltak som tilbod om trening/tilrettelagt aktivitet rett etter skuletid bør vurderast.

Fråfallsproblematikk blant ungdom og aktivisering av grupper som er lite fysisk aktive er viktige utfordringar. Utifrå eit folkehelseperspektiv er dette sentrale mål i eit kvart lokalsamfunn, ikkje minst for å minske sosial ulikskap i helse. Kva tiltak vil kommunen setja i verk for å møte desse utfordringane?

Tilbakemelding: Fylkesmannen peikar på viktige problemstillingar som må og skal utgreiast i planarbeidet. Vi tek med oss innspela til planarbeidet.

Innspel: I «Status og utviklingstrekk for Stad kommune – 2019» er det trekt fram kor viktig dei frivillige er i Stad. Kommunen si rolle i samarbeidet med dei frivillige organisasjonane kan

med fordel omtalast nærare.»

*«Friluftsliv – Natur som kjelde til helse og kvalitet «friluftsmeldinga»
Vi vurderer stortingsmelding Meld. St. 18 (2015-2016) som sentral i arbeidet.*

«Gjennom meldingen vil regjeringen bidra til at enda flere driver med friluftsliv, og får oppleve friluftsliv som en kilde til bedre helse og høyere livskvalitet. Meldingen omfatter tiltak og føringer innenfor både motivering og rekruttering til friluftsliv, og innenfor forvaltning av områder for friluftsliv. Regjeringen vil prioritere friluftsliv i nærmiljøet, slik at alle kan delta. Barn og unge er prioriterte målgrupper. Meldingen inneholder også blant annet tiltak og føringer for å ivareta arealer for friluftsliv i fjellområder med stort utbyggingspress». Vi rår kommunen til å synleggjere korleis ein vil følgja opp forventingane i friluftsmeldinga.

Vi viser også til Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020 – 2029 – Sammen om aktive liv. Handlingsplanen har to mål: 1) Eit meir aktivitetsvenleg samfunn der alle uavhengig av alder, kjønn, funksjonsnivå og sosial bakgrunn blir gitt moglegheit til bevegelse og fysisk aktivitet. 2) Delen i befolkninga som oppfyller helsemessige anbefalingar om fysisk aktivitet er auka med 10 prosentpoeng innan 2025 og 15 prosentpoeng innan 2030.

Friluftslivkartlegging i kommunane: Det har lenge vore eit nasjonalt mål at alle skal ha moglegheit til å drive friluftsliv i nærmiljøet, og naturen elles.

Å utvikle og ivareta areal for friluftsliv gjev folk moglegheit til å drive med varierte aktivitetar utandørs, noko som er positivt for helsa til folk. Å kartleggje og verdsetje friluftslivsområde i dei delane av kommunen det ikkje er gjort, vil vera eit viktig verkemiddel for kommunen. Kartlegginga vil kunne bidra til å oppnå det nasjonale målet om å sikre folk moglegheita til å drive eit variert friluftsliv både i nærmiljøet og naturen elles. Det gjev òg kommunen eit godt grunnlag for å vurdere friluftslivinteresser opp mot andre interesser i arealplanlegginga til kommunen.

Vi merkar oss som positivt og viktig at kommunen skal gjennomføre kartlegging av friluftslivsområde etter Miljødirektoratet sin rettleiar «Kartlegging og verdsetting av Friluftslivsområder».

Tilbakemelding: Vi tek med oss innspelet i det vidare planarbeidet og ser fram tid dialog med fylkesmannen på fleire av desse punkta.

Innspel:

«Likestilling – universell utforming

Lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelighetsloven) § 1 har som føremål å fremje likestilling og likeverd, sikre like moglegheiter og rettar til samfunnsdeltaking for alle, uavhengig av funksjonsevne, og hindre diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne.

I tillegg til å ha fokus på universell utforming når det gjeld anlegg og område, vil Fylkesmannen rå til at kommunen har nær dialog med brukarorganisasjonar om det faktiske

tilbodet når det gjeld fysisk aktivitet for ulike grupper. Fokus på tilrettelegging for alle vil vere med å sikra at ulike grupper får eit reelt tilbod med eit tilpassa innhald.

Vi rår kommunen til å leggje til rette for eit naturbasert friluftsliv i nærmiljøa som er tilrettelagt for ulike brukargrupper.»

Tilbakemelding: Vi er samde i det som fylkesmannen her skriv, og her blir eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne viktige som ein del av planarbeidet.

Vestland fylkeskommune, 18. august 2020:

Innspel:

«Planprogrammet viser at kommunen jobbar godt med planarbeid generelt, og viser tydeleg at denne planen skal sjåast i samanheng med den totale planstrategien for den nye kommunen. I kap. 3.6.2. vert det skrivne om dette. I planen vil det vere positivt å peike på endå fleire samanhengar og skjeringspunkt til andre planar.

Folkehelse er overbyggande og gjennomgåande i planarbeidet, og saman med berekraftsmåla til FN set dei fokus på verdiar og mål som er viktig i både lokalt, regionalt og globalt perspektiv. Kanskje kan ein i kapittel 3.5. vise til regionale styringsdokument innan folkehelse?

Av statlege føringar saknar vi den nye handlingsplanen som regjeringa publiserte i vår, Sammen om aktive liv Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020–2029. Ny forskning på fysisk aktivitet og helse gjennom livet viser at fysisk aktive vil ha langt betre fysisk og psykisk helse enn fysisk inaktive.

Vestland fylkeskommune ønskjer å rose Stad kommune for eit grundig arbeid med planprogrammet. Vi ønskjer samstundes å oppmode kommunen til å vere kreative i medverknadsarbeidet knytt til kommunedelplanen.»

Tilbakemelding:

Vi ser det som positivt og viktig at fylkeskommunen og kommunen er samde om retning og system for planlegging. Når det gjeld tilvisinga *Sammen om aktive liv Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020–2029* så ser vi at det vil vere relevant å kommentere dette i planprogrammet. Det vil difor bli lagt til følgjande omtale av denne handlingsplanen under kapittel 3.4 i planprogrammet:

Vurdering:

Forslag til planprogrammet har lege ute til offentleg ettersyn, jf. reglane i plan- og bygningslova § 11-13. Det kom inn fem uttaler i samband med varsel om oppstart av planarbeidet og offentleg ettersyn av planprogrammet. Innspel som er relevante i samband med sjølve planarbeidet vert knytt opp til dette. Kommunedirektøren vurderer det slik at

følgjande innspel medfører behov for endringar i planprogrammet, og tilrår difor at planprogrammet vert vedteke som det ligg føre med følgjande endringar:

1. Kapittel 3.4. vert oppdatert med følgjande omtale av *Sammen om aktive liv - Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020–2029*:

Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029 følgjer opp norske forpliktingar overfor Verdens helseorganisasjon (WHO) og FNs bærekraftsmål. Handlingsplanen gir også oversikt over statlige tiltak og virkemidlar som kan bidra til at dagens samfunn samla sett blir tilstrekkelig aktivitetsvennlig. Planen skal vidare understøtte kommunesektoren sitt ansvar og oppgåver som samfunnsutviklar, planmynde, verksemdelgar, tenesteytar og arbeidsgjevar i arbeid for eit mer aktivitetsvennlig samfunn. Handlingsplanen skal leggest til grunn i det vidare planarbeidet.

Økonomiske konsekvensar:

Planarbeidet vert utført av administrasjonen i samarbeid med eksterne aktørar innanfor tildelte rammer.